

Hørringssvar frå Felles FAU

FAU ved alle trinn ved Surnadal Barne-og ungdomsskole

FAU ved Mo Oppvekstsenter

FAU Bøfjord og Bæverfjord Oppvekstsenter

FAU ved Todalen og Stangvik Oppvekstsenter

Alle kommunenes FAU er samstemte mot einkvar skulenedleggelse.

Vi meiner at utgreiinga ikkje er tilstrekkeleg brei eller grundig nok når det gjeld konsekvensane for nedlegging av ein eller fleire skuler. Gjennomgående i dokumentet peker det på tiltak for å betre ein tenkt situasjon med ein skule, uten at ein finn tal i dette satt opp i mot prognose for innsparing ved nedleggelse. Det er ei sterk bekymring blant foreldra at prognosa for innsparing ved skulenedleggelser blir spist opp av disse usikkerhetsmomentene.

Surnadalssamfunnet

Det er ikkje utreda kva konsekvensar nedlegging av oppvekstsenter vil ha for samfunnet Surnadal kommune. Surnadal kommune har marknadsført seg som ein bu- og arbeidsmarknadsregion som går ut over egne kommunegrenser.

Vi er bekymra for rekruttering av arbeidskraft. Fleire som har barn på grendaskulene pendler ut av kommunen. “Jobb til to” har vore ein nøkkel for at familier skal flytte til kommunen. Om vi snevrer inn regionen ved å ha ein skule sentralisert i sentrum trur vi at det blir vanskeligere å rekruttere ny arbeidskraft til kommunen, og at kommunen vil oppleves som mindre attraktiv å flytte heim til. Dette er uheldig, særleg sett i lys av at kommunen sjølv løftar fram «trygge og inkluderande lokalsamfunn» som eit hovudmål.

Uklare konsekvensar for trafikktryggleik og logistikk

FRAM peikar sjølv på risiko for kapasitetsproblem i si vurdering. Risikoen for at sentrumsselever utan rett til gratis skuleskyss mister mogleigheita til å kjøpe enkeltturer bekymrer oss. Det er allereie ein pressa trafikksituasjon på Øye-området (Driva 1.10.2024). Å peike på økt privatbilbruk som eit tiltak uten tilhørende midler for å utbetre trafikksituasjonen virker som ein urealistisk og kortsiktig plan.

Økt reiseveg for dei yngste barna bekymrer oss og. For mange vil over ein time ekstra kvardagstid borte frå heim og nærmiljø påvirke kvile, fritid og tid saman med familien. I tillegg til trivsel og læringsutbytte. Reell reisetid, som er tid medgått frå elven reiser heimefrå til ordinær undervisning starter er ikkje talfesta og utgreia.

I ROS-analysen er dette usikkerhetspunktet peika på som “alvorleg” og “sannsynleg”. Det er ikkje lagt inn midler til å dekke dei foreslåtte tiltaka.

Manglande kapasitet på SUBUS

Det går fram av dokumentet at SUBUS allereie er pressa på areal og kapasitet. Med ytterlegare 120 elevar inn i bygget, vil det bli for lite grupperom og uteområde. Det er uheldig at dei praktisk-estetiske faga allereie i dag ikkje kan bruke tilpassa undervisningslokale grunna plassmangel. Vi stiller oss kritiske til hva bruk av gulbygget vil gjere med trivsel og kvalitet på undervisninga. Det virker for oss utenkjeleg at ein skal kunne flytte inn 120 nye elever utan at ei einaste krone skal brukes innvendig på tilpasning.

Trivsel

Fleire elever frå grendaskulene har søkt om flytting til SUBUS (TK 1.9.2025). Det avisa ikkje påpeikte, var at det også er søknader om å flytte skule frå SUBUS til ein annan skule. Kva som ligg bak ein søknad om å bytte skule er ei unik historie for kvart barn. Ved å samle alle elever på ein skule i kommunen vår tar ein frå eleven moglegheita til eit miljøbytte dersom eit bytte er ønska på grunn av mobbing eller mistrivsel.

Kvar bak ein lærar ligg det og livserfaring, utdanning og personlegheit. Store skuler har fordeler og ulemper. Små skuler har fordeler og ulemper. Som lærer i Surnadalsskulen i dag kan du søkje deg til ein undervisningskvardag som passer deg. Som eit av få yrker igjen der ein fortsatt har same yrke heile livet kan du være lærer i Surnadal kommune heile karrieren, men bytte miljø og få ei ny start om du ønskje nye utfordringer. Utan å bytte yrke. Dette mangfaldet er kanskje underkommunisert når ein skal rekruttere lærere til Surnadalsskulen.

Vi meiner høyringsdokumentet ikkje gir eit godt nok grunnlag for å fatte vedtak om ny skulestruktur. Vi ber våre politikere om å la være med å fatte vedtak som det rår usikkerheit om verkeleg gjev kortsiktige innsparingar og som på lengre sikt svekkjer både kommunen si utvikling, tilflytting og barnas oppvekstvilkår.